

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 2. søndag i påsketida - 28. april 2019

Preiketekst: Joh 20, 24-31

Lesetekst I: Jes 45,5-8 /Apgj 1,1 -5

Lesetekst II: 1 Pet 1, 3 -9

## TVIL OG TRU

Vi er no i tida etter påske, med tekster som handlar om alt det som skjedde mellom Jesu oppstode og pinse. Ei tid full av dramatik, glede, sorg, fortvilning, tvil og tru.

### Tru etter oppstoda

Jesus viste seg for venene sine gong på gong, og dette er grunnlaget for vår kristne tru. Somme trudde ved å sjå den tomme grava og likkleda, andre ved å høyra røysta hans og å sjå han lys levande, eller ved å gjenopleva situasjonar med at han gjekk saman med dei. Tomas kunne ikkje tru før han fekk sjå og kjenna.

I kapitlet om oppstoda (1 Kor 15) reknar Paulus opp alle som har sett han levande, enkeltpersonar og fem hundre på ein gong.

### Herlegdomslekam

Lukas og Markus fortel om to av disiplane på veg til Emmaus, korleis Jesus viser seg for dei utan at dei kjenner han. Og korleis hans kropp, som var så fysisk til stades at han åt fisk, forsvinn og blir borte, og seinare går gjennom stengde dører og viser seg for dei alle.

Kva slags lekam var dette? Det var den lekamen som gjekk gjennom likklede som ei energiutløysing og laga eit fotografisk avtrykk som ingen forskarar hittil har greidd å forklåra, og som vi kan sjå med augo våre i dag. (Litteratur om likkledet i Torino er noko av det mest trusstyrkande vi kan lesa.)

Er det ein slik lekam vi skal få ved oppstoda, det Paulus kallar ein «åndeleg kropp» (1 Kor 15), ein herlegdomslekam? Det må vera ein kropp med ein anna fysisk dimensjon og molekylsamansetning.

«Han skal omskapa denne veike og skrøpelege kroppen vår og gjera han lik den kroppen han sjølv har i herlegdomen. Fil 3,21

«Dette kalla han dykk til ved det evangeliet vi forkynner, så de skal vinna vår Herre Jesu herlegdom.» 2 Tess 2,14

Vår kropp eller lekam, skal bli lik hans i herlegdom. Vi bekjenner kvar gudsteneste at vi trur på oppstoda av lekamen, og ved kvar gravferd seier vi: «Av jorda skal du atter stå opp.»

Tomas krevde eit fysisk og handgripeleg bevis. Noko han også fekk. Han gjekk frå tvil og vantru til tru, og utbraut: «Min Herre og min Gud!»

Da seier Jesus dei sterke orda, som også gjeld oss: «Fordi du har sett meg, trur du. Sæle dei som ikkje ser, og endå trur.»

### Trusgrunnlag

Kva er vårt trusgrunnlag? Det er godt å få bevis, og å vita sikkert. Vi har ikkje sett Jesus oppstaden.

Kanskje nokre få opplever at Jesus openberrar seg for dei, men det er det uvanlege. Dei fleste må tru utan store openberringar og kanskje også trusopplevingar. Det er trusstyrkande å sjå eller lesa om likkledet, også om andre menneskes opplevingar, men vi er likevel avhengige av å tru dei vitnemåla vi har i vår Bibel. Dette er vårt trusgrunnlag. Dei orda som er nedskrivne «for at de skal tru at Jesus er Messias, Guds Son, og for at de som trur, skal ha liv i hans namn.» v. 31 Dette er det viktigaste for vårt trusliv.

## **Fellesskapet**

Tomas har fått namnet «tvilaren», men det er viktig å hugsa at ikkje alle har same innfallsvinkel til trua. Somme treng faktisk historiske bevis på Jesu liv for å ta imot det livet han gir.

Noko som er spesielt i forteljinga om Tomas er at han ikkje var med da disiplane var samla og fekk møta den oppstadne Kristus. Tomas var av ein eller annan grunn fråverande. Kanskje var han så sorgfull at han ikkje orka delta, eller han var opptatt med andre ting, eller såg det ikkje nødvendig å vera saman med dei andre, som kanskje kom saman for å trøysta kvarandre eller oppmuntra kvarandre, eller for å dela noko dei hadde opplevd og minnst Jesu ord. Slik gjekk Tomas glipp av mykje.

Vi kan vel ikkje nok viktiggjera og understërka kor nødvendig det kristne fellesskapet er for å bevare og styrke trua. Ved å samlast om Guds ord og søkja til gudsteneste og kristent fellesskap, så styrker vi trua hos oss sjølv og andre.

## **Vegen til tru**

Tomas var/er ikkje den einaste tvilaren. Vegen frå tvil og vantru til tru kan vera mangfaldig, men dersom ein ønskjer å ha evig liv i Jesu namn, er ikkje vegen å dyrka tvilen eller å isolera seg frå det kristne livet, men å dela truserfaringar og Guds ord i det kristne menighetsfellesskapet.

«Han elsker de, endå de ikkje har sett han; han trur de på, endå de no ikkje ser han.» 1. Pet 1,8

## **Einy Rendal Elgsæther**

Pensjonist. Prestevikar. Tidl. misjonær Santalmisjonen / Normisjon

[einyre@gmail.com](mailto:einyre@gmail.com)